

# Møteinnkalling

---

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Digitalt på Teams  
**Dato:** 01.06.2021  
**Tidspunkt:** 09:00-11:00

---

Velkomen til det tredje møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2021!

På grunn av koronasituasjonen i Vestland vert styremøtet gjennomført digitalt på Teams.

Eventuelt forfall må meldast snarast på til forvaltar Marthe på tlf. 91 71 95 51 eller Tor Arne på tlf 90 19 24 71. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing

Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge

Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 15/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 16/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 17/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - høyring av besøksstrategi		2019/3131
ST 18/21	Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for innsamling av planter, sopp og lav for vitskapleg føremål i samband med basiskartlegging i Erdalen og Bødalen		2021/3732
ST 19/21	Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for merking av analyseruter og uttak av plantemateriale i samband med overvåkingsprogrammet Arealrepresentativ overvåkning på Flatefjellet		2021/6243
ST 20/21	Delegerte saker		
DS 3/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Motorferdsel Nyestølen - Langedalen - Veitstrond idrettslag		2021/3736
ST 21/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker 1. Status tiltak 2021 2. JOSTICE – status 3. Utviding av nasjonalparken – Svartebotnen 4. Nye styresider og besøkssider – status 5. Møte om skilting langs veg 6. Møte i Skålastilaget 7. Styrte beiting med geit – prøveprosjekt 8. Mediesaker sidan sist		
RS 10/21	Høyringsuttale til besøksstrategi for Nigardsbreen naturreservat		2021/6361
RS 11/21	Breturkartet 2021		2019/5689
RS 12/21	Søknad om utsetjing av fisk i Jostedal - Tverradalen i Krundalen		2021/7936

**ST 15/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 16/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar**



Arkivsaksnr: 2019/3131-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 07.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	17/21	01.06.2021

## Jostedalsbreen nasjonalpark - høring av besøksstrategi

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sender besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark, høyringsdokument 01.06.2021, på høring med dei tillegg og endringar som vart gjort i møte. Høyringsdokumentet vert lagt ut på heimesida til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre. Melding om høring av besøksstrategien vert sendt til kommunane, fylkeskommunen, lag og organisasjonar, grunneigarlag og destinasjonsselskap med tilknytning til nasjonalparken. Høyringsfrist er sett til 15.august 2021.

### Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark, høyringsdokument 01.06.2021
- Fagleg godkjenning av besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark, *Miljødirektoratet 23.04.2021*
- Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder, veileder på nettstaden *miljødirektoratet.no*
- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, 25.10.1991
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, juni 1994*

Føremålet med å utarbeida ein besøksstrategi er å få ei god besøksforvaltning for Jostedalsbreen nasjonalpark. I besøksforvaltninga skal ein sikre at verneverdiane i nasjonalparken vert tekne vare på, samtidig som områda skal kunne brukast til aktiv landbruksdrift og friluftsliv. Det skal vidare leggjast vekt på å gje dei besøkande ei betre nasjonalparkoppleving. Samla sett kan dette gje auka mogelegheit for verdiskaping for lokalsamfunna rundt verneområdet.



Prosjektplan for besøksstrategien vart vedteken av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 27.februar 2017. I fylgje framdriftsplanen skulle besøksstrategien vere endeleg godkjend i løpet av 2020, som var opphavleg frist for ferdigstilling frå Miljødirektoratet. Arbeidet med utforming av ein besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark har vore omfattande og har av fleire årsaker strekt seg over lengre tid enn planlagt.

Kunnskapsgrunnlaget for besøksstrategien byggjer mellom anna på forvaltningsplanen, ulike rapportar og registreringar. Sekretariatet har arbeidd mykje med å hente inn og samanstille eit godt kunnskapsgrunnlag. Det er utført ferdselsteljingar på ulike stader i nasjonalparken over fleire år. Kunnskap om dei besøkande vart henta inn ved gjennomføring av ei stor brukarundersøking i 2017. Det vart då sett ut sjølvregistreringskassar på 19 ulike stiar/innfallsportar til nasjonalparken, og over 17000 skjema vart levert inn. Det vart i ettertid gjennomført ei nettbasert etterundersøking, basert på 1099 svarskjema. Rapporten frå brukarundersøkinga er levert av NINA 2018. Det er og gjennomført vurderingar av sårbarheit for ferdsel i ni område, etter standard metode utarbeidd av NINA.

I Fylkesatlas er det oppretta ei eiga side for besøksforvaltning i verneområde der deler av kunnskapsgrunnlaget er samla som eigne temalag.

Referansegruppa for besøksstrategien har vore rådgjevande utval (RU) for Jostedalsbreen nasjonalpark og administrativt kontaktutval for Jostedalsbreen nasjonalpark.

I november 2018 hadde rådgjevande utval arbeidsverkstad med tema besøksstrategi og innfallsportar. Sist møte i rådgjevande utval vart halde i desember 2019. Administrativt kontaktutval var og innkalla til dette møtet. Her vart eit førebels utkast til besøksstrategi presentert og prioritering av ulike innfallsportar til nasjonalparken vart diskutert. På grunn av korona situasjonen har ikkje rådgjevande utval for Jostedalsbreen nasjonalpark vore samla etter desember 2019.

Møterestriksjonane som kom med Covid 19 pandemien har påverka arbeidet med besøksstrategien, Det har vore vanskeleg å gjennomføre planlagde møte der besøksstrategien skulle vere tema. M.a. vart det planlagde møtet i Rådgjevande utval hausten 2020 utsett til våren 2021. Situasjonen våren 2021 har gjort at møtet no er avlyst.

Undervegs i prosessen har skisser og utkast til besøksstrategi fleire gonger vorte teke opp og drøfta i nasjonalparkstyret. I 2020 utarbeidde Miljødirektoratet ein ny mal for besøksstrategiar. Framlegget til besøksstrategi vart difor vinteren 2020/21 korta ned og tilpassa denne malen.

Besøksstrategien skal minimum ligge ute på høyring i seks veker.

## Vurdering

Jostedalsbreen nasjonalpark er ein av dei mest besøkte nasjonalparkane i landet, kanskje den mest besøkte. Samstundes har Jostedalsbreen nokre av dei siste store villmarksområda i Sør Norge, desse er sårbare for inngrep og ferdsel. Besøksstrategien vil difor kunne vere av stor interesse for mange aktørar og ulike brukargrupper i områda rundt nasjonalparken.



Særleg viktig vert det å nå aktørar innan reiseliv, landbruk, anna næringsliv og friluftinteresserte i lokalsamfunna kring nasjonalparken i høyringsrunden.

Arbeidet med besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark starta opp med vedtak av prosjektplanen 27.februar 2017. Det vart i 2017 til 2019 gjennomført eit stort arbeid med å samle inn viktig kunnskap om dei besøkande i og omkring nasjonalparken. Undervegs i prosessen har besøksstrategi vore diskutert i mange ulike fora, og mange nyttige innspel er kome inn.

Etter at Covid19 pandemien breidde om seg har planlagde møte vorte vanskeleg å gjennomføre. Digitale møte er eit alternativ i ein del samanhengar, men har ikkje vorte vurdert som godt eigna som verktøy for å få til brei involvering i denne planprosessen. Det har vore vurdert om Teams-møte kan vere eit aktuelt verktøy i den komande høyringsfasen, men forvaltarane har landa på at dette truleg vil eigne seg dårleg som erstatning for fysiske møte.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre sendte besøksstrategien til Miljødirektoratet for fagleg godkjenning 15.03.2021. Miljødirektoratet har tilrådd nokre mindre justeringar og fagleg godkjent dokumentet for utsending på høyring. Besøksstrategien vert lagt fram for nasjonalparkstyre for gjennomgang og for godkjenning til utsending på høyring.

#### Korleis nå ut med høyringa?

Forvaltar tilrår at høyringsdokumentet vert lagt ut på heimesida til Jostedalsbreen nasjonalparkforvaltning. Nasjonalparkforvaltarane trur det kan framleis vil bli vanskeleg å bruke bygdemøte og folkemøte for å mobilisere i høyringsperioden. I staden trur vi det vil vere viktig å nytte lokalaviser aktivt. Det bør setjast inn annonser og lagast pressemelding for å prøve å få redaksjonell omtale. Melding om høyring bør sendast til grunneigarlag, kommunar, lag og organisasjonar og destinasjonsselskap som har tilknytning til Jostedalsbreen nasjonalpark.



Arkivsaksnr: 2021/3732-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 21.04.2021

## Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for innsamling av planter, sopp og lav for vitskapleg føremål i samband med basiskartlegging i Erdalen og Bødalen

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS løyve til å ta belegg av artar for vitskapleg føremål i Erdalen og Bødalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld fram til 1.november 2021.

Det er knytt følgjande vilkår til løyvet:

- Løyvet gjeld for personell som utfører feltarbeid i samband med basiskartlegging i Erdalen og Bødalen.
- Det skal ikkje samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova).

### Saksopplysningar

Dokkadeltaet Nasjonale Våtmarkssenter AS (DNV) søker om dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne samle inn belegg av karplanter, mosar, sopp og lav der det er nødvendig for å sikkert å kunne bestemme rett art.

DNV skal på oppdrag frå Miljødirektoratet i 2021 kartlegge naturtypar etter Natur i Norge - metoden (NiN 2.1) i Erdalen og Bødalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Føremålet med oppdraget er å styrkje kunnskapsgrunnlaget ved å skaffe fram presis og stadfesta informasjon om naturvariasjonen i verneområdet. Resultata skal gjerast tilgjengeleg på dei offentlege innsynsløysingane Økologisk grunnkart, Naturbase og Artskart, samt i ein rapport som vil leggje vekt på forvaltningsrelaterte problemstillingar.

All vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all slags skade og øydelegging, jf. kap. IV, § 2.1. i verneforskrifta, men nasjonalparkstyret eller den dei gjev fullmakt, kan vurdere å gjere unntak frå vernereglane m.a. for vitskaplege undersøkingar, jf.



naturmangfaldlova § 48, dersom omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strir med verneføremålet, og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

## Vurdering

Førekost av karplanter, mosar, sopp og lav er dårleg kjent i nasjonalparken, og det er ønskeleg å auke kunnskapsgrunnlaget for desse artsgruppene. Nokre artar kan ikkje artsbestemast sikkert i felt, og må samlast inn om ein skal klare å fastslå kva art det er.

Kunnskapsgrunnlaget for artar i nasjonalparken er generelt dårleg i område som ikkje har vore kartlagt i dei seinare åra. Kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane av kritisk innsamling blir vurdert som godt (jf. naturmangfaldlova § 8). Den samla belastninga på flora og funga (soppflora) i området blir vurdert å vere låg (jf. naturmangfaldlova § 10). Å ta belegg etter standardiserte metodar er viktig for dokumentasjon av biologisk mangfald, og vi er kjent med at søkjar har lang erfaring med slikt arbeid. Dei har og god kjennskap til artane sitt livsmiljø og til nasjonal førekost og utbreiing. Innsamling vil særleg vere retta mot sjeldne og lite kjende artar. Vi føreset at det blir tatt omsyn til artane si vidare overleving i området (jf. naturmangfaldlova § 12).

Resultata frå undersøkinga vil inngå i framtidig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av nasjonalparken. Betre kunnskap om kva artar som er knytt til ulike miljø, vil kunne gi oss kunnskap om det vil vere behov for skjøtselstiltak.

Bli vilkåra knytt til løyvet meiner vi at innsamlinga ikkje vil påverke naturkvalitetane nemneverdig. Nasjonalparkforvaltar vurderer at ei omsynsfull og kritisk innsamling for vitskapleg føremål ikkje er i strid med verneføremålet.



Arkivsaksnr: 2021/6243-0  
Sakshandsamar: Marthe Gjerde  
Dato: 14.05.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	19/21	01.06.2021

## Søknad om dispensasjon frå verneforskrifta for merking av analyseruter og uttak av plantemateriale i samband med overvåkingsprogrammet Arealrepresentativ overvåkning på Flatefjellet

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Norsk institutt for naturforskning løyve til å merke analyseruter og ta små mengder plantemateriale i samband med overvåkingsprogrammet arealrepresentativ overvåkning (ANO) i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld fram til 1. november 2021. Vidare får Norsk institutt for naturforskning løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, til merking av analyseruter ved oppsetjing av maksimum 36 midlertidige fastmerker ved Flatefjellet, på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for personell som utfører feltarbeid i samband med arealrepresentativ overvåking på Flatefjellet
2. Det skal ikkje samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova)
3. Fastmerka skal ikkje setjast ned der punkta hamner på stein eller anna materiale som er ueigna for fastmerking, kun der det er jord, og tilkomst til lokalitet for feltpersonell er mogleg
4. Fastmerka skal setjast heilt ned i jorda slik at dei er minst mogleg synlege
5. Fastmerka skal fjernast når dei ikkje lenger er i aktiv bruk, seinast 1. november 2026
6. Det skal ikkje ligge att søppel og skrot etter arbeidet

Etter at prosjektet er gjennomført skal kortfatta rapport sendast nasjonalparksekretariatet, med bilete, lokalisering på kart av fastmerka som er sett opp, og oversikt over tal fastmerker som er sett opp under feltarbeidet.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad frå NINA v/Lise Tingstad datert 12. april 2021
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

### Søknaden:


Norsk institutt for naturforskning (NINA) v/Lise Tingstad søker om dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne merke analyseruter og for uttak av små mengder plantemateriale i samband med belegg for artsbestemmelse der det er naudsynt for sikkert å kunne bestemme rett art.

NINA skal på oppdrag frå Miljødirektoratet i 2021 utføre kartlegging i samband med Arealrepresentativ naturovervåking (ANO) kring Flatefjellet i Jostedalsbreen nasjonalpark, sjå Figur 1. Føremålet med oppdraget er å samle inn data på viktige indikatorar, for fagsystem for økologisk tilstand. Det nasjonale overvåkingsprogrammet vil ikkje fokusere på resultat frå enkeltområde, men alle innsamla data vil til saman gje ein nasjonal statistikk på langsiktige endringar i norsk natur. Flatene er på 500x500 meter og i kvar flate er det lagt ut eit forband på 18 punkt som undersøkast, sjå Figur 2. På kvar av dei 18 punkta i ei ANO-flate registrerast vegetasjon i ei kvadratmeterrute. Det kan vere aktuelt med uttak av små mengder plantemateriale i samband med belegg for artsbestemmelse. Sidan ANO er eit langsiktig overvåkingsprosjekt, så vil NINA merke kvar av rutene med to fastmerker i tillegg til presis GPS-lokalisering for å gjere det mogleg å finne tilbake til eksakt same rute om fem år. I samband med merkinga av analyserutene søker NINA om å få setje ned to metallrøyr for å markere kvar rute nøyaktig. Fastmerka er aluminiumsrøyr med 1 cm diameter og lengde 5-10 cm (avhengig av terreng). Til saman er tal merker maksimum 36 merker. Merka blir sett heilt ned i jorda, slik at dei er svært lite synlege. Dersom punkta hamner på stein eller anna materiale som er ueigna for fastmerking, så vert det ikkje sett ned merker. Alle punkta registrerast også med høgpresisjons-GPS slik at merka lettare vert gjenfunne. Når prosjektet avsluttast vil alle fastmerka fjernast.

Feltarbeidet vil gå føre seg i tidsrommet juli-september 2021 og all ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftsløva sine reglar om ferdsel og god ferdselskultur.



Figur 1 – Oversiktskart med markering av midtpunkt for ANO-flata (ANO-nr. 883).



Figur 2 – Posisjonen til punkta.



## Lovgrunnlag:

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jamfør forskrifta datert den 25. oktober 1991:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

All vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all slags skade og øydelegging, jf. kap. IV, § 2.1. i verneforskrifta, men nasjonalparkstyret eller den dei gjev fullmakt, kan vurdere å gjere unntak frå vernereglane m.a. for vitenskaplege undersøkingar, jf. naturmangfaldlova § 48, dersom omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strir med verneføremålet, og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

I nasjonalparken er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta si § IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, (...) sprenging og boring (...). Forvaltningsmyndet kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til å (punkt 1.3, 1. ledd) byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter pkt. 1.3.

I denne saka, der det dreier seg om små metallrøyr, så fell det inn under «m.m.»-definisjonen, altså anlegg/innretting. Det står ikkje noko særskilt i forvaltningsplanen om denne typen innretningar.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Kunnskapsgrunnlaget for artar i nasjonalparken er generelt dårleg i område som ikkje har vore kartlagt i dei seinare åra. Det er ønskjeleg å auke kunnskapen om artssamansetjing, vegetasjonsdekning og vegetasjonsstruktur i nasjonalparken.

Feltregistreringane i ANO inkluderer artssamansetjing, vegetasjonsdekning og vegetasjonsstruktur, samt kartlegging av naturtypar etter NiN sin kartleggingsinstruks i målestokk 1:5000. Resultata frå detaljkartlegginga på Flatefjellet vil auke kunnskapen om området og vil inngå i framtidig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av nasjonalparken. Betre kunnskap om kva artar som er knytt til ulike miljø og endringar i dette, vil vere viktig for forvaltninga av nasjonalparken.

Forvaltar har vore i kontakt med NINA om den praktiske utføringa av feltarbeidet og informert om tilkomst og brattheit i feltområdet. Vidare har forvaltar informert om naudbua Flatsteinbu



som ligg på Flatefjellet og kontaktperson for denne, i tilfelle behov for bruk av bua som base og overnattingsstad for feltarbeidet som skal gå føre seg over to dagar. NINA har informert om at det skal vere fjellvand personell som kjem til å utføre feltarbeidet. Deler av feltområdet er nakent berg, og det er uvisst om det er mogleg å ta seg fram over alt. Dette vil også påverke moglegheita for å setje ut eventuelle fastmerker.

Kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane av uttak av plantemateriale blir vurdert som godt (jf. naturmangfaldlova § 8). Kunnskapsgrunnlaget vurderast å vere tilstrekkeleg i denne saka slik at det ikkje er naudsynt å ta i bruk nml § 9, «Føre-var-prinsippet». Den samla belastninga på flora og fauna i området blir vurdert å vere låg (jf. naturmangfaldlova § 10). Nokre artar kan ikkje bestemast sikkert i felt, og lyt samlast inn om ein skal klare å fastslå kva art det er. Vi føreset at det blir tatt omsyn til artane si vidare overleving i området (jf. naturmangfaldlova § 12). Søkjar vil vidare ikkje setje ned fastmerker i grunn som er ueigna. All ferdsel i samband med kartlegginga vil skje i tråd med friluftsløva sine reglar om ferdsel og god ferdselskultur (jf. nml § 12). Prinsippet om kostnad ved miljøforringelse vurderast som ikkje relevant (nml § 11).

Resultatet skal gjerast tilgjengeleg på dei offentlege innsynsløysingane hjå Miljødirektoratet, samt sendast Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

Med vilkåra over meiner vi at innsamlinga og merkinga ikkje vil påverke naturkvalitetane nemneverdig. Nasjonalparkforvaltaren vurderer at ei omsynsfull og kritisk innsamling for vitskapleg føremål ikkje er i strid med verneføremålet, og vilkåret i fyrste avsnitt i naturmangfaldlova § 48 er difor oppfylt.

**ST 20/21 Delegerete saker**



Arkivsaksnr: 2021/3736-5

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 19.03.2021

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

## Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Motorferdsel Nyestølen - Langedalen - Veitastrond idrettslag

### Delegert vedtak

I medhald av vedtekter frå Miljødirektoratet datert 7. september 2015 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i møte den 14. mars 2016 gjort vedtak om å delegerer handsaming av einssilde saker av til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffe vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta, slik som i denne:

**I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt i verneforskrifta, å gje Veitastrond idrettslag v/Kurt Heggstad løyve til motorisert ferdslle for frakt av materialar i Langedalen til klopper og bruer i samband med utbetring av T-merka sti Nyestølen - Midtnovi. Løyvet gjeld for inntil 6 turar mellom nasjonalparkgrensa og inn mot Steingardane i perioden 22.mars – 30.april 2021 og gjeld på følgjande vilkår:**

1. Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid
2. Dette løyvet skal takast med under køyring
3. Det skal ikkje køyrast på laurdagar, søndagar, heilagdaggar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
4. Snøskuteren skal vere registrert. Det er påbode å bruke hjelm under køyring.
5. Dagen før planlagt køyring skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller nasjonalparkforvaltar varslast pr. sms eller telefon.
6. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha rapport med bilete og skildring etter utført tiltak og ferdsl.

Vi vil minne om at løyve etter motorferdselslova også må innhentast frå Luster kommune, samt frå grunneigarar.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Søknad frå Veitastrond idrettslag v/Kurt Heggstad datert 08.03.2021
- Styresak 7/21 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – Stien Nyestølen - Midtnovi - oppgradering og remerking - Luster turlag, datert 15.02.2021
- Forvaltningsplan
- Verneforskrift

### Søknaden:

Veitastrond idrettslag v/Kurt Heggstad søker om å få køyre skuter inn Langedalen til Steingardane. Føremålet er å frakte materialar til klopper og buer i samband med oppgradering av T-merka tursti Nyestølen – Midtnovi. Det vert søkt om køyring i perioden 08.03.21 til 30.04.2021.

Johan Hilleren skal køyre for Veitastrond idrettslag, han har løyve til leigekøyring frå Luster kommune.

Nasjonalparkforvaltar har vore i kontakt med søker for å avklare kor mange turar med skuter det vert søkt om. Det vert søkt om inntil 6 turar inn i nasjonalparken. Dette er nødvendig for å frakte inn dei nødvendige materialane.

### Regelverk:

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i verneforskrifta datert den 25. oktober 1991 omtala slik:

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap*

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til mellom anna bruk av snøskuter til visse føremål. Dette står omtala i verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark Kap IV pkt. 4.3, 2. strekpunkt:

*4.3 Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det kan gje løyve til [...]*

*-motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer.[...].*

I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden:



*«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

Forvaltningsstyresmakta har altså heimel til å gje eit slikt løyve som det er søkt om, men må vurdere behovet for transport opp mot moglege skadar og ulemper og målet om å redusere motorferdsla til eit minimum.

Jamfør styrevedtak ST 5/16 har nasjonalparkstyret gjeve nasjonalparkforvaltar delegert mynde til å gjere vedtak i saker av kurant karakter. Denne saka fell innanfor definisjonen av kurant karakter, og forvaltar kan derfor handsame saka med delegert mynde.

Jamfør naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle saker som kan verke inn på naturmiljøet vurderast opp mot prinsippa i nml §§ 8-12.

Søkjaren er sjølv ansvarleg for å ha naudsynte løyver frå kommune og/eller grunneigarar på plass før køyring vert gjennomført.

I forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994) er stien inn Langedalen nemnt som ein av stiane det er aktuelt å gje løyve til T-merking og varding av. I planen er stien på det tidspunkt oppført som delvis merkt.

I styresak ST 7/21 fekk Luster turlag løyve til oppgradering og remerking av stien Nyestølen – Midtnovi. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Luster turlag, Veitastrond idrettslag m.fl. Nasjonalparkstyret har og vore med å finansiere innkjøp av materialar til klopper og bruer.

## Vurdering

Eit av hovudføremåla med vernet er å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging. Vedlikehald og enkel tilrettelegging av eksisterande turstiar er med på å leggje til rette for tradisjonelt friluftsliv. Transport med snøskuter for å få fram materialar til bruer, for at folk lettare og tryggare skal kunne passere flaumstore breelvar, og klopper, som skal skåne sårbar natur, er etter nasjonalparkforvaltar si vurdering i tråd med verneføremålet.

Så lenge det er snødekt mark og bra føre, er bruk av snøskuter ein rimeleg og skånsam måte å transportere materialar på.

Det er ikkje gjeve andre løyver til motorferdsel med snøskuter i det aktuelle området. Det er i 2018 gjeve eit løyve til motorferdsel med traktor, i samband med uttak av ved i Langedalen for perioden 2018-2022. Den samla belastninga av motorferdsel er innanfor det som er akseptabelt, jamfør nml § 10.

Bruk av snøskuter eller anna beltekøyretøy er den enklaste og blant dei mest skånsame måtane å transportere ting i utmark på. Barmarkskøyring er lite ønskjeleg i nasjonalparken. Kravet om å nytte mest skånsame metode, jamfør nml § 12 er oppfylt.

Vi kjenner ikkje til sårbare naturverdiar som kan verte påverka av denne ferdsla, so lenge normale vilkår for denne typen løyve vert sett og følgt. Elles må ein ta omsyn til friluftsfolk.



Det er høysesong for skiturar i tida rundt påske. Det vil i hovudsak gjelde i helgane, og ein bør derfor unngå motorferdsel då.

Nasjonalparkforvaltar har vore på synfaring i området og kunnskapsgrunnlaget (jamfør nml §8) er godt.

Nml §§9 og 11 er ikkje aktuelle i saka.

**ST 21/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**

**RS 10/21 Høyringsuttale til besøksstrategi for Nigardsbreen naturreservat**

**RS 11/21 Breturkartet 2021**

**RS 12/21 Søknad om utsetjing av fisk i Jostedal - Tverradalen i Krundalen**